



RYFYLKE IKS

Møtebok til ekstraordinært møte i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Onsdag 7. mai 2025 kl. 17:00-19:00

Stad: Peppes Pizza, Stavanger

Desse møtte: Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland
Nora Østerbø, vara Suldal
Joel Nag, rep. Strand kommune
Anne Bratthammer, rep. Strand
Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune

Forfall: Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune
Eivind Hustveit, rep. Sauda
Arin Eiriksønn, rep. Suldal
Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune
Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland
Johanne Klungtveit Næsje, rep. Suldal kommune

I tillegg møtte: Nina Fjellskaalnes, Ryfylke IKS
Andrea Hebnes Tobekk, Ryfylke IKS

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 11/25	Godkjenning av innkalling og møtebok frå møte 21.03.2025	2
Sak 12/25	Evaluering Ryrekrutt	2
Sak 13/25	Endring av dato til neste styremøte	5
Sak 14/25	Eventuelt	5

Sak 11/25 Godkjenning av innkalling og møtebok frå møte 21.03.2025

Vedtak:

Styret godkjenner møtebok frå møte 21.03.2025, innkalling og saksliste.

Sak 12/25 Evaluering Ryrekrutt

Administrasjonen gjekk gjennom resultata frå evalueringa for deltakarar og utstillarar med dei møtte. Etter gjennomgangen fekk ungdomsstyret moglegheit til å komme med eigne refleksjonar og innspel til forbetringar.

Alle medlemmane i styret hadde på førehand fått høve til å kome med tilbakemelding i eit eige evalueringsskjema, sendt ut frå frå styreleiar.

Mykje av innspela som kom inn samstemde med prosjektgruppa sine konklusjonar og evaluering og frå deltakarar og utstillarar. Her er ei oppsummering av det som vart diskutert.

MOR-prisen: Burde revurdere å ha utdeling av MOR-prisen på RyRekrutt då det ikkje var engasjerande for målgruppa. Eventuelt burde det vore ein ung person i målgruppa som fekk prisen.

Marknadsføring: Ungdomsstyret burde blitt brukt meir i marknadsføringa av RyRekrutt. Fleire meiner dei kom litt i skuggen av arrangementet, når dei var arrangør. Ungdomsstyret burde vore på scena og hatt ein del i programmet.

Ungdomsstyret sin innsats: Styret burde vore meir frampå om mingla med utstillarar og deltakarar.

Sitteplasser: Folk ville ha ein plass å sitte ned, spesielt under matservering. Det burde vore moglebord i området.

Utstillarar: Utstillarane som stod i utkanten fekk mindre merksemd. Det kom inn idear om å følge ein sti, slik som ein gjer på Ikea. Eller om det finnes andre meir naturlege måtar for å skape samtale mellom ungdom og bedrift på. Til neste år må det jobbast meir med å få folk til å gå innom fleire stands. For eks. ein konkurranse for å få folk rundt eller oppsettet kunne vore i ein sirkel. Ungdomsstyret hadde i år ein god plassering. Til neste år kan den plassen gis til ein betalende utstillar. Ungdomsstyret sin stand kan stå lengst vekk frå scena og ikkje ta den beste plassen.

Fleire studentar etterspurde bankane på stand. Til neste gang må arrangør melde bankane direkte og vera ekstra på. Det bør vera ein kombinasjon av både yngre og meir erfarne på stand. Nokre studentar vil gjerne prate med litt meir erfarne folk om masteroppgåver og utvikling i bedrifta. Hensikta med å ha unge folk på stand var at dei kan fortelja om korleis det er å vera ung i selskapet, men ser at me må ha begge deler. Det er viktig å forberede bedriftene enda betre til neste år på kva me forvente av dei. For eksempel, foreslå å ta i mot opne søknader. Ein QR-kode for ledige stillingar. Kva slags master/bacheloroppgave kan ein skrive for bedrifta.

Informasjon: Tips til neste år er å ha eit informasjonsmøte med utstillarar på teams der dei kan få stille spørsmål og få svar på alt dei lurar på i forkant.

Hotellovernatting: Det må vera synlegare garderobeløysing eller eit opplegg for dette, samt informere om dette til dei som skal ha overnatting. Dette er viktig! Me må koordinere og informere betre slik at folk ikkje går glipp av starten på opplegget for å legge bagasje på hotellrom.

Antall hotellrom må nedskaleras. Mange vil komme til Stavanger uavhengig av hotellrom fordi det er lettare å finne overnatting der. Administrasjonen sitt innspel om å arrangere Ryrekrutt på eit hotell neste gang vart støtta, men det er viktig at lokalet er kult.

Lokasjon: Det vart diskutert neste års lokasjon. Det er blanda tilbakemeldingar – ettersom Fiskepiren er eit veldig bra lokale og arrangementet fekk spesielt god score på lokasjon. Det er vanskeleg å sjå for seg eit liknande lokale i Ryfylke. Når det er på Fiskepiren verker det med ein gang som eit mykje større arrangmenet. Det er ikkje det same å vera i ein gymsal – då blir det yrkesmesse. Neste år kan mogleg vera på Tau eller Hjelmeland, men då er det viktig å legge til rette for at festen fortsett og ikkje sluttar så tidleg. Når det er på Fiskepiren kan ein gå ut etterpå og då er det viktig at ein held festen

gåande der dei er. Andre tilbakemeldingar er at ein reiser kor som helst i Ryfylke for å dra på eit slikt opplegg.

Tidspunkt: Eit par tilbakemeldingar i evalueringa er tidspunkt. Påske, jul og sommar blir nemnt og diskutert fram og tilbake med fordelar og ulemper. Ungdomsstyret meiner me kan tenkje kreativt. Det må ikkje vera det same konseptet og formatet. Innspel er å legge det til Sauda som ein «ski-weekend» med afterski, konsert og karrieremesse. Men også sommar med festivalstemning blir nemnd. Hovudpoenget er å treffe det tidspunktet når flest ungdom er heime. Det er veldig individuelt kva folk vel å prioritere og det kjem an på fleire faktorarar. I år var det ingen snø i påska for eks., og det kom mange til Ryrekrutt.

Påmelding: Neste år må det vera ein variabel i påmelding som seier noko om kvar dei kjem frå. I påmeldingsskjema i år stod det «bustadskommune» og her kan det vera folk skriv der dei bur akkurat no (studiestad), men for å få statistikk på kvar dei kjem frå i Ryfylke må me ha ein variabel som seier noko om kva slags dei kommune dei kjem frå i Ryfylke.

Meir engasjement: Både bedrifter og ungdomsstyret kunne vore meir frampå for å snakke med ungdommen. Det var observert ungdommar som gjekk gjennom heile strandområdet utan at nokon tok kontakt med dei. Eit medlem i styret snakka med deltakarane og basert på samtalen fekk inntrykk av at dei var genuint interesserte i å snakke med bedriftene, men det var litt høg terskel for å gå direkte bort og byrje å spørje dei ut.

Til neste år må me sørge for at minst mogleg av denne gruppa faller igjennom. Det bør vera meir «hype» i forkant. Under den timen når bedriftene er samla, før ungdommane kjem inn, bør utstillarane få meir opplæring i korleis hanke inn ungdommar, ta initiativ og vera meir frampå for å få ungdommane i snakk. Ungdomsstyret må få ein større rolle her med å hanke inn folk. Representantar frå styret bør få konkrete og tildelte oppgåver.

Deltakarane bør få ei oversikt over bedriftene som er på stand når dei kjem inn døra. Eller eit skriv med nøkkelspørsmål ein kan stille dei på stand (for eks. tips: Dette kan du spør om). Det er ikkje alle som veit kva dei skal spør om og då er det greitt med litt drahjelp.

Det må vera mindre barrierar mellom deltakarar og dei på stand. Ta bordene vekk og bak slik at folka kjem fram og ikkje gøymer seg bak masse ting. Då blir kommunikasjonen nærare og betre.

Underholdning/på scena: Litt langdryg. Dette samsvarer med evaluering. Det må vera meir engasjerande. Kunne det vore ein «budrunde» på bedriftene på scenen? Kahooten opplevde alle som vellukka og positivt.

Andre innspel til innhald: Ein kan ha speed-dating med bedrifter, ein time før eller på et bakrom. Skape ein møteplass der utstillarane kan snakke med ungdommane meir direkte. Dette var noko som vart etterspurd i evalueringa. Me kan oss inspirere av universiteta som er gode på dette.

Er det mogleg at det kan skje ting både på scena og blant publikum samtidig? Slik at ikkje alt stopper opp. Slik at man kan høyre litt på det som blir sagt, snakke med dei på stand osv. Kan ordstyrer tilby ein ekstra dimensjon til opplegget utan at det kreves at alle skal bryte av sine samtaler for å måtte sjå på det som skjer på scenen.

Vedtak:

Innspel frå styret blir tatt med i evalueringa av Ryrekrutt 2025.

Sak 13/25 Endring av dato til neste styremøte

Administrasjonen foreslår å flytte neste styremøte frå 10.juni til 17.juni kl.16:00.

Vedtak:

Styret godkjenner at neste styremøte flyttes til 17.juni kl. 16:00.

Sak 14/25 Eventuelt

Det kom inn to saker på eventuelt.

1. Ungdomsstyret ønsker en plass i kommunestyra. Kva seier lovverket og er det mogleg? Administrasjonen skal følge opp initiativet og skrive ei sak til neste styremøte.
2. Hjelmeland opplev ei betydeleg utfordring med mangel på bustadar. Det er særskild vanskeleg for nyinnflytta som har fått seg jobb, men som ikkje finn ein plass å bu. Denne situasjonen er problematisk, da det kan hindre både tilflytting og rekruttering av arbeidskraft. Ei vidare oppfølging av innspelet er at administrasjonen skriv ei sak om dette og legg det fram til diskusjon på neste styremøte.



Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.